

Frå : Naturvernforbundet i Kvam

v/ leiar Oddvar Soldal, Kyrhagen 32, 5610 Øystese

5610 Øystese 20. febr. 2011

Til: Olje- og energidepartementet

Fråsegn til høyring om 420 kV-linje Sima – Samnanger

Framlegginga av dei fire rapportane frå utvala som har vurdert sjøkabel og luftlinje i Hardanger, viser saman med ”den femte rapporten” frå Bevar Hardanger at det er gode og tenlege alternativ til ei luftlinje frå Sima til Samnanger.

Naturvernforbundet i Kvam starta motstandsarbeidet for nesten seks år sidan, våren 2005, og var med å stifta Folkeaksjonen for sjøkabel som den siste tida er avløyst av Bevar Hardanger. Me har vore med og lagt fram alternativ informasjon med fokus på energiøkonomisering, spenningsoppgradering og manglande samfunnsøkonomi for å unngå å byggja ut eit 90 kilometer langt luftspenn gjennom eit fjordlandskap som er unikt internasjonalt. Luftlinja er planlagt med tre fjordkryssingar og tek i bruk eit område på omlag 5.000 dekar, det tilsvarar 1000 fotballbanar.

Soria Moria og Hordaland fylkeskommune

For å få eit litt vidare perspektiv siterer me frå Soria Moria-erklæringa, side 51: ”Norge skal være et foregangsland i miljøpolitikken. For at framtidens generasjoner skal ha tilgang til et godt miljø og ren natur, må hensynet til miljøet være gjennomgripende i alt vi foretar oss.” Medan Statnett, BKK og NVE argumenterer med auka forbruk, planlegg fylkespolitikarane i Hordaland det motsette. I den vedtekte klimaplanen for fylket for perioden 2010 til 2020 er hovudmål for energi: ”Energibruk til stasjonære føremål og prosessføremål i Hordaland skal reduserast med 30 prosent innan 2020 og 50 prosent innan 2050”.

Naturmangfaldet og vårt ansvar

2010 var det internasjonale naturmangfaldsåret. Naturmangfald er naturen i alle former. Mangfaldet varierer mellom artene, deira leveområde, gener og økosystem. FN sitt 1000-års studie viser at tapet av naturmangfald skjer 100 til 1000 ganger raskere i dag enn for 50 år sidan. Miljøverndepartementet som står bak naturmangfaldsåret her i landet, har som mål å auka innsatsen for å stansa tapet av naturmangfald. Naturvernforbundet beklagar at dette perspektivet har vore nesten fråverande i dette planarbeidet. Miljøvernstyresmaktene har ei alt for svak stilling i dei store utbyggingssakene etter energiloven. Som nemnt vil ei luftlinje leggja direkte beslag på minst 5.000.000 kvadratmeter, i planframlegget vert det sagt at planområdet ”omfattar ein streng med ei breidd som varierer mellom ca 40 meter i normalt skogs- og fjellterreng til ca 100 – 130 m ved fjordkryssinga”. I tillegg kjem den enorme visuelle ureininga i eit variert fjord- og fjell-

landskap. Tap av natur i eit slikt omfang kan ikkje vera i tråd med ei berekraftig naturforvaltning. Statsråden har sjølv sagt at det alltid finst alternativ til rasering av vekker og verdfull norsk natur. Naturvernforbundet i Kvam meiner at energisparing og økonomisering også må vera eit alternativ.

Naturvernforbundet har lært mykje, har utbyggjarane lært noko?

For fire år sidan, i byrjinga av februar 2007, skipa Folkeaksjonen for sjøkabel til ein stor konferanse om linja og alternativ til linja i Øystese. Sjøkabel var det viktigaste temaet, oppgradering av eksisterande nett, energisparing og økonomisering var også teke opp på breitt grunnlag. Alt då kunne Statnett og NVE gripe sjansen og teke det med i sine utgreiingar. Frå Statnett og NVE vart det gong etter gong vist til at det var søkt om luftlinje og det var den som skulle diskuterast. Det måtte tre og eit halvt år aksjonsarbeid til før det vart letta på skylappane: I august 2010 vart dei fire utvala vart sett ned for å vurdere sjøkabel som svar på ein massiv klage på vedtaket om å gje konsesjon til luftlinja. Aldri har politikarane i Hardanger og Hordaland vore meir samla mot eit sentralt vedtak.

I løpet av dei nær seks åra har det vorte klarare og klarare at energiøkonomisering som fører til mindre bruk av elektrisk kraft, er den løysinga som har best samfunnsøkonomi.

Alt frå dei fyrste møta hausten 2005 og i konsesjonssøknaden frå våren 2006 har Statnett og NVE argumentert med at det hasta med å få linja på plass. Linja måtte på plass i løpet av to-tre år. I det siste har statsråden argumentert med det same. Dei har aldri hatt det same hastverket med å greia ut alternativ. I alle vore fråsegner både før og etter søknaden var sendt, har me sett fram krav om ei breiare vurdering med både oppgradering av linjer, energiøkonomisering og sjøkabel. Krava vart avvist heilt til i august 2010. Frå NVE og Statnett vart lenge argumentert med at det var søkt om luftlinje og difor var det berre det som skulle vurderast. Sjølv no når ein av konklusjonane frå utvala er at oppgradering av eksisterande linje frå Sauda til Samnanger til 420 kV er best for miljøet, og kanskje best samfunnsøkonomisk, vil ikkje Olje- og energidepartementet gripa sjansen og greia det meir ut. Utvala påviser også at Bergen si elektrisitetsforsyning ligg godt innafor det akseptable. Likevel avviser departementet både nye utgreiingar og stortingsdebatt om saka.

Hastverket med skylappar held fram: -Denne saka er godt nok vurdert. No må vi ta ei avgjerd, seier politisk rådgjevar Ivar Vigenes (Sp) i Olje- og energidepartementet til Bergens Tidende 6. februar i år.

Potensialet for energisparing er stort. I rapporten "Krafttak for riktig kraftbruk" utarbeidd av Norsk Industri, NITO og Norges Naturvernforbund som vart offentleggjort 27. sept i fjor, vert det vist til at det kan sparast 19 TWh kraft innan 2020 berre i bygningar og industri. Det tilsvarar 30 Alta-kraftverk eller meir enn 4 gonger den straumen som husstandane i Oslo brukte i 2008. Ein annan rapport lagt fram av Siemens og Bellona 20. januar i år viser at energiforbruket i Bergen kan reduserast med 29 prosent. Dette kan skje ved kjende grep som ikkje set ned komforten for folk. Forbruket vert dempa i korte periodar og fjernar effekttoppane. Dermed får linjene til Statnett rikeleg kapasitet, også på dei kaldaste dagane.

Ein ansvarleg energi- og miljøpolitikk

Framleis har Hardanger eit av dei mest unike fjordlandskap i verda. Framleis kan Olje- og energidepartementet og regjeringa ta vare på dette landskapet for framtida. Energirådgevar Svein Roar Brunborg sin rapport *Innovasjon miljø og nettutvikling* som er laga på oppdrag for Bevar Hardanger viser at ”det tredje alternativet”: Verken luftlinje eller sjøkabel, men oppgradering og enøk-tiltak er ei god og tilfredsstillande løysing.

Dei andre fire utvala sine rapportar viser at sjøkabel kan gjennomførast. Sjølv sagt vert det mykje dyrare enn luftspenn, men ikkje dyrare enn venta for oss som har fylgt sak heile tida. Sjøkabel var eit viktig tema på den nemnde konferansen i 2007. Den mest interassante konklusjonen kjem frå utval nr 3 som hadde i oppgåve å sjå på konsekvensar av at kraftlinja vert utsett. I motsetnad til propagandaen frå Statnett slår utvalet fast at kraftsituasjonen ikkje er alvorleg verken når det gjeld effektsituasjonen (overføringskapasitet) eller energisituasjonen (tilgjengelig kraft) og at ein med langt billigare og mindre kontroversielle grep kan sikre både nettkapasitet og forsyningstryggleik for framtida. Det underbyggjer ”det tredje alternativet”.

Kom med heile sanninga

For oss som har fylgt utbyggingsplanane heile tida, har det vore frustrerande og lite tillitvekkande at motiva for å få linja bygt, har endra seg heile tida: Hovudargumentet frå utbyggjaren har vore forsyninga til Bergen, medan andre grunnar som etter kvart har kome fram, ikkje var nemnt.

No herskar ikkje lenger noko tvil om at det er petroleumssektoren som har stått for og kjem til å stå for ei vesentleg auke i krafttrongen i BKK-området. Veksten i vanleg forbruk har stått still dei siste åra, dvs. han har vakse i takt med innbyggjartalet. Det er berre smular i den store samanhengen, og med enkle tiltak kan forbruket minkast med 20 prosent, som før nemnt.

Løysingane som det er viste til i mellom anna Brunvoll sin rapport vil vera robuste nok til å ta høgde for den varsla auken, som særleg handar om kraft til gasshandsaming på Kollsnes og nye såkalla prekompressorar, som trengs for å halda oppe utvinningstempoet av gass frå TROLL A-feltet. Uansett kva ein måtte meine om utvinningstempoet i av olje og gass, er det altså ingen grunn til å byggja ei kraftlinje som verkar meir og meir meningslaus for kvar dag som går.

Statnett ser det som sjølv sagt at alle straumkundane skal spleisa på linja sjølv om det er prova at det er petroleumsindustrien som treng ekstra kapasitet. Det vert truga med skyhøge straumrekningar som følgje av kabling, men det vert ikkje snakka like høgt om at nettleiga kjem til auke uansett om det vert kabel eller luftspenn. På grunn av Olje- og gassnæringa sine behov kan altså nettleiga utgjera ein so stor del av straumrekninga at vanlege forbrukarar mistar insitamentet til å spara straum.

Den tredje rapporten i sjøkabelutreiinga viser til at ei utsetjing av tilkoplinga av prekompressorane kan føra til tap opp mot *ein milliard kroner i året(!)*. Sjølv om ein sikkert kan setja spørsmålsteikn ved reknestykket som ligg til grunn her, seier dette noko om betalingsevna til den industrien som etterspør auka nettkapasitet. Viss ein snur på det vil altså Troll A åleine tena inn att ekstrakostnadane med kabel på få år.

Planane og vedtaket om elektrifisering av sokkelen har vore eit påskot for å få linja bygd. Det skal redusera Noreg sine utslepp av klimagassar. Men reduserer det det samla utsleppet av slike gassar ? Neppe. Det fører berre til auke i energiforbruket, som ein heller burde redusert.

Liberaliseringa av den nordiske kraftmarknaden, der Noreg har stått i spissen, har ført til mangedobling av kraftprisane og enorme inntekter til kraftselskapa. For selskapa er det endå meir å henta viss ein fjernar «flaskehalsane», slik som i BKK-området. Det har kanskje ikkje vorte lagt skjul på at det har vore eksportinteresser knytt til kraftlina Sima-Samnanger, men ein kan godt seia at det har vore underkommunisert.

Det har vorte opplagt at forutan å skulle forsyne sokkelen med straum skal kraftlinja Sima-Samnanger først og fremst syta for eksport for meir kraft til eksport. Det har ikkje vore og kjem ikkje til å bli noko kraftmangel i Bergen. Det er tvert imot eit aukande kraftoverskot som kjem til å auka mellom anna på grunn av krafta frå Mongstad.

Her nokre av spørsmåla som slår ein når ein ser tilbake på prosessen so langt:

-Kan eit statseigd selskap som Statnett drive skremselspropaganda slik dei har gjort i denne saka?

-Korleis kan OED vera klageinstans når olje- og energiministeren er samstundes er generalforsamling i Statnett?

-Korleis kan ein halda eit så omfattande naturinngrep som det her snakk om, utanfor stortinget?

-Korleis kan regjeringa setja i gang nye utreiingar og likevel starte utbygginga, jfr. reportasjen i Dagsrevyen 18. febr. om produksjon av mastene i Kroatia ?

Spørsmåla er fleire, og ein må berre slå fast at dette er ein prosess som uansett utfall, må få store konsekvensar for handsaming av liknande saker i framtida.

Naturvernforbundet i Kvam

Oddvar Soldal, leiar